

**1. Du kan inngå brøyteavtale på brokke.com.**

- Brøyteavtalen held fram til den vert avbestilt. Frist for avbestilling er 1.oktober, før kvar brøytesesong.
- Brøyteprisar vert justert før kvar brøytesesong.
- Ved bestilling godtar du dei til ein kvar tid gjeldande «Brøytevilkår».
- Brøytetenesta ynskjer eit godt samarbeid med hytteeigarane. I desse vilkåra kan du lese kva vi forventer av deg og kva du kan forvente av oss.

**2. Hytteeigar har ansvar for å klargjere innkøyrsel/tomt før brøytesesong, medio oktober.**

- Hytte skal vere tydeleg merka med vegnummer.
- Sjå til at brøytearealet er fritt for materialar, steinar og liknande.
- Brøytestikker skal stå med god avstand til hindringar som vil bli skjult av snø; til dømes terrasse, stabbesteinar, gjerde og portstolpar.
- Brøytestikker må vere på plass medio oktober.
- Ikkje bruk betongklossar eller steinar for å halde brøytestikker oppe, då slikt kan bli dratt inn i fres og gjere skade.
- Hytteeigar er erstatningspliktig ved skade på brøyteutstyr forårsaka av kumlok, stein, materialar o.l.
- Hugs å vedlikehalde stikking gjennom brøytesesongen.
- Tomter som ikkje er tydeleg merka med stikker, blir ikkje brøyta.
- Brøytestikker er å finne i garasjen til Brokke Aktivitet i sentrum, vendt mot Brokke Camping. Betalingskasse i garasje eller Vipps til 540994.

**3. Hytteeigar har ansvar for at brøytearealet held god standard med tanke på vegdekke.**

- Brøytearealet bør ha eit grusdekke som frys slik at ein unngår å dra med seg singel/stein i snøfresen.
- Kumlok i tun må ikkje stå høgare enn grusdekket.
- Kumlok i fres kan gjere stor skade. Hytteeigar vil i slike tilfelle vere erstatningspliktig.
- Etter første snøfall er det ein fordel å køyre ned snøen slik at det vert danna ein god brøytesole.

**4. Hytteeigar har ansvar for å strø/sande eige tun/innkøyrsel.**

- Strøsand er å finne i sandlageret på Kvisle. Sandlageret ligg på venstre hand på veg opp mot Kvisletoppen, om lag 500 meter frå alpinsenteret. Strøsand er gratis.
- Om du ynskjer kan me strø innkøyrsel til hytte etter same frekvens som strøing av fellesveg. Tenesta kostar kr 3.000,- pr. sesong.

**5. Brøyteapp.**

- Kunde melder ankomst-/avreisedag på brøyteappen.
- Nettadresse: hytteankomst.no
- Frist for registrering er kl 18.00 dagen før ankomst.
- Innkøyrse vil normalt bli brøyta innan kl 13.00 på ankomstdagen.
- Bestilling etter kl 18.00 dagen før ankomst vert rekna som sein bestilling.
- Sein bestilling vil kunne medføre brøyting først dagen etter ankomst.
- Hugs å avbestille i brøyteappen dersom du likevel ikkje skal på hytta og om du reiser heim att tidlegare enn registrert avreisedato.

**6. Fastbuande.**

- Fastbuande i hyttefelt kan teikne eigen brøyteavtale.
- Avtalen gjev prioritert brøyting, jmf. pkt. 12.
- Avtalen føreset bruk av brøyteappen.

**7. Hytter under oppføring**

- Handverkarar treng gjerne fast brøyting tidleg kvar morgon.
- Kontakt brøyteansvarleg for å opprette eigen avtale.

**8. Fellesvegar.**

- Avtalt brøytenivå er at det skal vere framkomeleg med personbil skodd for vinterføre.
- Fellesvegar har prioritet før innkøyrse til hytte.
- Fellesvegar blir normalt ikkje brøyta nattestid.
- Periodevis lyt ein akseptere 20 cm snø.

**9. Hyttetun / innkøyrse.**

- Det blir normalt brøyta plass til to bilar på ankomstdagen.
- Plass til to bilar vil for nokre tun bety «etter kvarandre», ikkje «ved sida av».
- Sjølv om stikka areal er merka større betyr det ikkje at alt vert brøyta.
- Det blir ikkje rydda nærmare enn 1 meter frå garasjeport eller husvegg.
- Normalt vil det bli brøyta slik at bilar kjem ut av tunet innan kl 10.00 i helger og feriar.

- Hyttetun vert brøyta om morgonen og normalt ikkje meir enn ein gong om dagen.
- Dersom det kjem mykje snø ettermiddag/kveld vil brøytemannskap starte snørydding tidleg neste dag.
- Av erfaring er det ikkje mange som har problem med å kome ut av tuna om kvelden sjølv om det er ein del snø i innkøyrsla.
- Ved snøfall vil det i hektiske periodar kun bli køyrt ei brøytestripe inn på tunet.
- Tun kan bli rekna som framkomeleg sjølv om det ikkje er nybrøyta, dvs om det ligg 15 cm tørr eller 10 cm våt snø etter siste brøyting.
- Det vil innimellom bli utført vedlikehaldsbrøyting av tun utanom bestilling for å handtere store snømengder. I slike tilfelle vert det berre brøyta ei breidde.
- Fresen blir alltid satt ned med god klaring til garasjeport o.l. for å unngå skade.

#### 10. Generelt.

- Finrydding vert utført fleire gonger gjennom vinteren. Dette inneber å auke breidde av fellesveggar og kryss, samt rydding av siktsoner.
- Stundom vil alle innkøyrslar og tun også få ei opprydding ut over forventa nivå. Slik rydding vert gjennomført midt i veka når det er få bestillingar.
- Me prøver å unngå brøyting mellom kl 13.00 og 22.00 i helger og feriar då det er lite effektivt samt forbunde med meir fare når det er mykje bilar og menneske i rørsle etter vegar og i tun.
- Brøytemannskapet må ikkje bli uroa når dei arbeider.
- Det er ikkje anledning til å vente på at bilar vert flutt for å rydde hyttetun.
- Ungar må ikkje oppsøkje traktor eller fresestråle. Ikkje lag snøholer i tilknytning til brøytesoner.
- Dersom du ynskjer ekstra brøyting tek du kontakt med brøyteansvarleg for avtale. Sjå pkt 11.
- Brøytemannskap dekkjer kostnadar forbunde med skade på eigedom/bil forårsaka av brøyting i dei tilfelle der hytteeigar har gjort det som vert forventa ihht brøyteavtalen.

#### 11. Tilleggstener:

- Ved tilkalling av brøytemannskap for utføring av ekstraarbeid med traktor vert kunden fakturert for medgått tid (timepris kr 1.560,- inkl. mva) minimum kr 800,-.
- Ved bruk av traktorskuffe for å fjerne snø etter rydding av tak vert eigar fakturert minimum kr 800,- inkl. mva.
- Dersom snømengdene ikkje er større enn at ein tek det ved ordinær fresing vil kunde ikkje bli fakturert.

#### 12. Brøyting - prioritering:

- 1) Fellesveggar blir brøyta etter snøfall heile veka. Sandstrøing av fellesveggar ved isdekke.
- 2) Fellesveggar: Løefjellvegen, Furestøylvegen (hovudvegen), Furestøylslie (til toppen), Kvislelivegen (fram til parkeringsplass), og Vardefjell.
- 3) Hytter under oppføring og fastbuande med eigen avtale.
- 4) Parkeringsplassar: Jarnsverk, Brokkestøylen, Alpinsenter og Kvisletoppen.
- 5) Stikkveggar og hyttetun som har bestilt brøyting

#### 13. Faktura.

- Faktura for brøyting av hyttetun vert sendt ut i oktober. Faktura for fellesveg i januar.
- Nokre erfarer at faktura/purring vert stoppa av spamfilteret. Sjekk i tilfelle spam / søppelpost og registrer epostadressa som sikker avsendarar. E-post: aktivitet@brokke.com
- Ver venleg å melde i frå til aktivitet@brokke.com dersom du ikkje har motteke faktura.

#### 14. Brøytevakt-telefon: 41 50 43 80

- Ver venleg å ringe brøytevakt dersom du opplever at bestilt tun ikkje er brøyta. Det kan kome av ei misforståing som kan være lett å ordne opp i om du tek kontakt pr telefon.